

# Reglement for klagenemnda

Klagenemnda er eit fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 28, 2. ledd, og er klageinstans for enkeltvedtak som er treft av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova). Dette gjeld likevel ikkje vedtak gjort av fylkestinget.

## 1. Samansetjing

Klagenemnda har 7 medlemmer med varamedlem valde av fylkestinget. Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Av habilitetsomsyn bør ikkje medlemmer i fylkesutvalet og utval med avgjerdsmynde i enkeltsaker veljast til klagenemnda.

## 2. Oppgåver

Klagenemnda tek avgjerd i saker om klage på enkeltvedtak gjort av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av kommunelova, med unntak av fylkestinget. Departementet er klageinstans for vedtak fatta av fylkestinget.

Klagenemnda tek og avgjerd i andre saker der det i lov eller forskrift er fastsett at fylkeskommunen eller fylkeskommunalt organ er klageinstans, og fylkestinget ikkje har lagt dette til andre.

## 3. Saksførebuing

Saksførebuinga skal gjerast i samsvar med reglane i forvaltningslova kapittel VI. Jf. kapittel IV og V.

## 4. Saksbehandling

For klagenemnda gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.

## 5. Klagenemnda sin kompetanse, grunngjeving og rett til omgjering

### Kompetanse

Klagenemnda sin kompetanse går fram av forvaltningslova § 34.

Det påklaga vedtaket kan avvisast, stadfestast, opphevast eller endrast på dei vilkåra som går fram av lova.

### Grunngjeving

Klagenemnda sitt vedtak skal grunngjevast, jfr. forvaltningslova § 24. Unntak frå plikta til å grunngje vedtaket går fram av lova § 24, 3. ledd.

Gjer klagenemnda vedtak i samsvar med forslag til vedtak frå administrasjonen, er administrasjonen si grunngjeving også fleirtalet si grunngjeving. Tilsvarande gjeld dersom det i møtet er sett fram andre forslag til vedtak med grunngjeving.

Dersom heile eller deler av fleirtalet ikkje kan slutta seg til grunngjevinga frå administrasjonen, eller frå forslagsstillaren, får dei som har røysta for fleirtalsforslaget men ønskjer å gje særgrunngjeving for si røysting, ein kort frist i møtet til å koma med skriftleg røysteforklaring. Dei som ikkje gjev slik røysteforklaring, vert rekna å ha slutta seg til administrasjonen, eller forslagsstillaren, si grunngjeving.

Er skriftleg forslag til grunngjeving ikkje lagt fram i møtet, får den eller dei som har sett fram det forslaget som vart vedteke, ein kort frist i møtet til å utforma ei skriftleg grunngjeving basert på dei synspunkta som vart framførde under handsaminga av saka. Dei andre medlemene som har røysta for vedtaket, får deretter ein ganske kort frist til å koma med eventuelle særmerknader til den grunngjevinga som er gjevne, også dette basert på synspunkt formulert i møtet.

Medlemmer som ikkje har røysta for det forslaget som vart klagenemnda sitt vedtak, har ikkje grunngjevingsplikt. Dei kan likevel koma med skriftlege røysteforklaringar eller protokolltilføringar dersom dei varslar om dette i møtet og gjer greie for kva slik røysteforklaring vil innehalda.

Omgjering

Klagenemnda kan av eige tiltak gjera om vedtaket sitt i samsvar med reglane i forvaltningslova § 35.